

STYRET FOR NORDHORDLAND REVISJON IKS

MØTEUTSKRIFT STYRET

Møtedato: 26.mars 2019
Kl: 13:30
Stad: Nordhordland Revisjon IKS, møterom
Desse møtte: Lovisa Midtbø (leiar), Magne Rifsgård (nestleiar), Olav Steinar Namtvedt, Reidar Hjertås (1.vara)
Møteleiar: Lovisa Midtbø
Forfall: Margrethe Riple Ådland, Vilgerd Storset Husa
I tillegg møtte: Jorund Stellberg (Styreleder Nordhordland Revisjon AS), Revisjonssjef Janne Eraker, Ragnhild Kartveit Høyland (tilsette sin representant)

SAKSLISTE:

Sak 06/19 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste.

Samrøystes vedtak:

Det var ingen merknad til møteinnkalling og sakliste

Sak 07/19 Godkjenning av møteutskrift frå 21.01.19.

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift 21.01.19 vart godkjent

Sak 08/19 Meldingar og orientering.
o Orientering om drift og aktuelle saker

Samrøystes vedtak:

Styret tek meldingar til etterretning.

Sak 09/19: Intensjonsavtale for samanslåingsprosessen med IHR

Sakstilfang:

- Intensjonsavtale
- Statusrapport til eigarkommunane i IHR og NHR-IKS pr 1. april

Bakgrunn

Eigarmøtet i IHR og NHR-IKS 3. januar 2019 vedtok å greia ut samanslåing av dei to selskapa. Oppdraget har vore handsama i styret for IHR og NHR-IKS og begge styra har

peika ut representantar til ei arbeidsgruppe. Arbeidsgruppa er etablert, og vil i tråd med føringane frå eigarane leggja fram ein statusrapport om utgreiingsarbeidet pr.1. april. Arbeidsgruppa har funne det nyttig å utarbeida ein intensjonsavtale som formulerer målsetting, rammer og prosess for utgreiingsarbeidet. Arbeidsgruppa rapporterer til styra i dei to selskapa. Intensjonsavtalen vert med dette lagt fram til handsaming. Intensjonsavtalen som no ligg føre, tar utgangspunkt i utviklinga innan kommunal revisjon og formulerer føremålet med å slå saman dei to selskapa. Avtalen skal vera retningsgjevande for det vidare utgreiingsarbeidet om organisering og lokalisering i eit nytt interkommunalt selskap. Prosess og tidsramme fram til vedtak i eigarkommunane er lagt inn. Avtalen avklarar forplikingar vedrørande ansvar og økonomi mellom dei to selskapa.

Vurderingar

Innhaldet i intensjonsavtalen er i tråd med synspunkta som tidlegare har vore drøfta i styret i NHR-IKS, seinast i styremøte 21.01.2019 der våre representantar til arbeidsgruppa vart valde. Det har vore gode drøftingar og stor semje om innhaldet i intensjonsavtalen i arbeidsgruppa og ein har fått positive attendemeldingar frå dei tilsette. Intensjonsavtalen gjev er eit godt grunnlag for å fullføra utgreiingsarbeidet.

Framlegg til vedtak:

Intensjonsavtale for samanslåing av Indre Hordaland Revisjon, org.nr. 971 543 124 (IHR) og Nordhordland Revisjon IKS, org.nr. 971 361 433 (NHR) til eit interkommunalt revisjonsselskap vert godkjent.


Samrøystes vedtak:

Intensjonsavtale for samanslåing av Indre Hordaland Revisjon, org.nr. 971 543 124 (IHR) og Nordhordland Revisjon IKS, org.nr. 971 361 433 (NHR) til eit interkommunalt revisjonsselskap, og rapporten til eigarane vart samrøystes vedteke.

Sak 10/19 Eventuelt

Neste ordinære styremøte i følgje møteplan er 06.05.2019.

Knarvik, 26.03.2019



Lovisa Midtbø
Styreleiar



Magne Rifsgård
Nestleiar

Reidar Hjertås

Olav Steinar Namtvedt


Janne Eraker